



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	05.07.2012	102/12

<b>Avgjerd av:</b> Saksbehandlar: Marit Elisabeth Larssen	<b>Objekt:</b> Arkiv: X65	<b>Arkivsaknr.:</b> 12/1098-2
--	------------------------------	----------------------------------

### Høyringsuttale frå Gloppen kommune til NOU 2012:6. Brofoss-utvalet om organisering av arbeidsretta tiltakt

#### Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
176947	Høyringsuttale frå Klepp kommune
176946	Annonse - Kommunal Rapport

#### Vedlegg:

Høyringsuttale frå Klepp kommune  
Annonse frå Vekst-bedriftene

#### Bakgrunn for saka:

Spørsmålet om korleis ein skal organisere arbeidsretta tiltak, som t.d. tiltak i regi av Mona Vekst og Sandane Industri, er greidd ut i NOU 2012:6 som no er send ut på høyring.

Høyringsfrist er sett til 13. juli 2012.

Kva organisasjonsform som blir vald har konsekvensar for dei bedriftene som er lokalisert i Gloppen. Organisasjonsform vil også ha konsekvensar for tenesteyting til brukarane og påvirker både direkte og indirekte dei kommunale tenestene. Dette er bakgrunnen for at rådmannen legg denne høyringssaka fram til behandling.

KS sin representant i Brofossutvalet er tilsett i KS i Sogn og Fjordane. Gjennom dette har rådmannen i Gloppen har vore deltakar i ei lokal arbeidsgruppe, som er trekt inn undervegs i arbeidet med NOU.

Rådmannen har samarbeidd med Mona Vekst om uttalen, og vel å leggje Mona Vekst sitt framlegg til uttale fram for formannskapet til behandling. Den er innarbeidd i saksutgreinga, og eg slutter meg full ut til dei momenta som kjem fram.

Konklusjonen er eit ønskje om at det blir utarbeidd ei Stortingsmelding om saka.

## Saksutgreiing:

### *Innleiing*

Gloppen kommune er glad for at det i Brofossutvalet er brei semje om at det i framtida må leggest betre til rette for at personar med redusert arbeidsevne skal få styrka sine sjansar for deltaking i arbeidslivet. Utvalget har ikkje samla seg om ein modell, men levert ei delt innstilling med 3 ulike modellar:

*Modell 1:* Utvikle eksisterande ordning med førehandsgodkjente tiltaksbedrifter

*Modell 2:* Auka bruk av ordinært arbeidsliv som attføringsarena, og ei kraftig nedbygging av tal vekst- og attføringsbedrifter.

*Modell 3:* Opne for fleire enn eksisterande førehandsgodkjente bedrifter i høve til einskilde tiltak

### *Val av modell*

Gloppen kommune støttar fleirtalet i Brofossutvalet si innstilling, modell 1, som inneber at hovudtrekka i eksisterande ordning vert vidareført. Vi registrerer at dette og er i samsvar med standpunktet til sentrale organisasjonar i arbeidslivet som FFO, KS og LO.

Gloppen Kommune er hovudaksjonær i vekstbedrifta Mona Vekst AS. Bedrifta vart etablert i 1990 for 14 varige "PV-plassar", og har i løpet av vel 20 år bygt opp eit breitt tilbod for dei målgruppene som NOU 2012:6 omhandlar. Vedtektene i selskapet har blitt endra i takt med arbeidsmarknaden og NAV sine behov. Mona Vekst AS har i dag følgjande tiltak innanfor skjerma sektor: Varig tilrettelagt arbeid (VTA), Arbeidspraksis i skjerma verksemd (APS) og Arbeid med Bistand (AB). I samarbeid med kommunen tilbyr Mona Vekst AS også eit arbeidsretta aktivitetstilbod til personar som ikkje kan gjere seg nytta av NAV sine tiltak. I tillegg har Mona Vekst AS gjennom deltaking i anbod på helse- og rehabiliteringstenester blitt vald som leverandør av attføringstenester som skal bidra til å få sjukmelde personar "raskare tilbake" i arbeid. Bedrifta tilbyr Avklaring, Arbeidsretta rehabilitering og Oppfølging til 7 kommunar i Nordfjord.

Gloppen kommune meiner at kommunalt eigarskap i attføringsverksemd er sin styrke som gjev tryggleik og stabilitet for bedriftene. Kommunal eigarstruktur er og med på å sikre eit geografisk likeverdig tilbod i landet. Det er særskilt viktig å leggje vekt på ved vurdering av modell. Kommunal eigarskapet føreset at eventuelt overskot skal verte i selskapet og kome tiltaksdeltakarar og bedriftene til gode. Dette er eit viktig prinsipp som det må vernast om. Dersom attførings-arbeid skal drivast av bedrifter med bedriftsøkonomisk overskot som sitt fremste føremål kan det gå utover både kvaliteten i arbeidet, nedprioritering av dei svakaste brukargruppene og sentralisering av tilbodet. Gloppen kommune er på same måte bekymra for at utvida bruk av anbudsutsetjing kan føre til eit redusert tilbod overfor brukarar med stort bistands- og tilretteleggingsbehov. Viss modell 2 vert vald kan den gi ei slik utvikling.

Attførings- og vekstbedriftene har over mange år bygd opp ein brei attføringskompetanse med eit stort og godt kontaktnett både til lokalt næringsliv og offentlege etatar/instansar. Tiltaksarrangørar av arbeidsretta tiltak i skjema verksemd er i dag pålagt å ha eit sertifiserbart system (EQuass) for kvalitetssikring av sitt attføringsarbeid. Gloppen kommune deler bekymringa for at viktig kompetanse, som er bygd opp over mange år, kan forsvinne dersom skjerma sektor vert bygd ned, jmf. modell 2.

Gloppen kommune er glade for fleirtalet si innstilling om ei styrking og vidareutvikling av VTA og VTO tiltaka. Forslaget, i modell 3, om at desse tiltaka blir skilt ut som eigen post i

statsbudsjettet ser vi på som positivt. Dette vil hindre at ulike målgrupper blir sett opp mot kvarandre når dei økonomiske rammene skal fylkesvis fordelast.

### **Økonomiske konsekvensar for kommunen:**

Ingen.

### **Rådmannen si vurdering:**

Rådmannen si vurdering går fram av saksutreiinga.

### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Gloppen kommune ser på modell 1 i innstillinga til Brofossutvalet som ei vidareføring og utvikling av det system vi har i dag, der NAV inngår samarbeidsavtaler med førehandsgodkjende tiltaksarrangørar. Lokalt har Mona Vekst AS si utviklingshistorie vist at dette er ein god modell som det bør byggast vidare på, gjerne med ein meir forenkla og fleksibel tiltaksstruktur

Gloppen kommune ser det som viktig at saka blir behandla gjennom ei stortingsmelding som kan legge grunnlaget for framtidige og viktige vegvalg for arbeidsmarknadspolitikken.

### **Vedtak:**

Gloppen kommune ser på modell 1 i innstillinga til Brofossutvalet som ei vidareføring og utvikling av det system vi har i dag, der NAV inngår samarbeidsavtaler med førehandsgodkjende tiltaksarrangørar. Lokalt har Mona Vekst AS si utviklingshistorie vist at dette er ein god modell som det bør byggast vidare på, gjerne med ein meir forenkla og fleksibel tiltaksstruktur

Gloppen kommune ser det som viktig at saka blir behandla gjennom ei stortingsmelding som kan legge grunnlaget for framtidige og viktige vegvalg for arbeidsmarknadspolitikken.